

Ynsker med dette å gje utfyllande innspel etter at fristen for innspel vart utsett til 8 juni 2017.

Me driver garden 186/2 på Aase (Aasegarden). Har dei siste månadane prøvd å samle meir detalj fakta om forholda på Aase. Dette for å minimera mulighetane for at vegvesenet og kommunen kan ta steget og øydeleggje det gamle kulturrike landbruket og friluftsområdet på Aase, Isdal, Hjelmtveit og Kopperdalen for all framtid, for å spare Knarvik og interessene der for to ekstra hol i fjellet. Eg meiner heile strategien med ny E39 er til for næringsutvikling under asfalt og ikkje tar hensyn til etablert landbruk og bygder og dermed rasering av gammal kultur og landbruksarv..

**Vatna:**

Vatna på Aase har alltid hatt eit rikt dyreliv. Dette var fram til 1980 tallet drikkevasskjelda for Knarvik. I dag er det bebyggelse i dalen og drifta på Aase som bruker vatna som drikkevatn. Vatna har stor betydning for oss og for friluftslivet i vår region. Langavatnet, Litlavatnet og Tredalsvatnet er rike vatn.

- Drikkevatn
- Energibrønn for oppvarming av bolig
- Padde og frosk bestanden som er veldig stor i vatn og eng
- Ål er observert fleire gonger i vatna og i mindre elver i dalen ved hundetreningsbana.
- Det har vore observert vasskreps i Litlavatnet tidlegare har eg fått vite.
- Det er stor aktivitet med and og svaner og andre fuglearter i alle vassdraga på Aase
- Turlag og rekreasjonsområdet for fiske og tur oppleving langs vatnet.



Vi har frå Norsk Orintologisk Forening fått meir kunnskap om den trua og freda bestanden av fugler og insekter som er på Aase. Bestanden av vipser som holder til og har vært observert på enga på garden i mange år tilbake. Dette er registrert på artsobservasjoner.no.

Skogen inneheld mykje liv og vert brukt mykje til sopplukking då den er rik på piggsopp og kantareller. Det er mange som plukker sopp i skogen på Aase.

**Kulturminner:**



- Det er to registrerte kvernhus ved Varmelia på Aase



- Det er kulturminne der det vart gjort oppdemming ved Tredalsvatnet og beite, når det skulle demmast opp for å kverne korn.



- Det er eit område med gamle steinhus der det har vore ei husmansplass for ein familie i gammal tid.
- Der er fleire torvhus i Varmelia og ved Langavatnet.
- Det er kulturminne i dalen ved hundetreningsbana der den første løa i dalen skulle stå.
- Vatna er og så kulturminner for oss på Aase, fordi dei har vore avgjerande for at Aasegarden har kunne drive som den største driftsgarden i Lindås Kommune.



- Det er lagt omfattende muring ved veg langs Langavatnet. Dette er kulturminner for oss.

- Det er også ei mengde steingarder og mur i bakker som er fra gamle tider. Dette er viktige kulturminner på bruket.
- Kanal fra øvre Aase går gjennom heile dalen. Den er delvis åpen og delvis under lokk. Det er håndmurte kanalsider med store flate steiner som lokk på toppen. Kjøresterk for dagens haustingsredskap.
- Ku klaven frå året 1751 er ein av de eldste tingene som er funne i myrene på Aasegarden. Det er også mange andre gamle ting som er tatt vare på.




- Gardsmuseet skal stå ferdig til jul 2017 og det vert mulig å ha konferanser for mindre lag i museet. Museet skal inneholde de historiske tingene som er tatt vare på på Aasegarden. Ellers så er låven ein plass der de store gamle redskapene er ivaretatt. Dette er viktig å ta vare på.



- Generasjons militærbilete


Oppbyggingen av nordre Aase vart utført på 1800 talet då gullsmed tvillingene Magnus og Ludvig Aase var stort aktive. Ludvig Aase dreiv bruket og hadde økonomisk hjelp fra broren.

## PERSONALIA



60 år. Gårdbruker og gullsmed Ludvig Aase, Isdalstø, fyller d. 26. febr. 60 år. Han er født i Seim i Alversund. Aase er en velkjent mann både i og utenfor distriktet. I årenes løp har han samlet sig mange venner og bekjente både i byen og på landet. Som ung mann virket han i mange år sammen med sin bror i det kjente firma gullsmed Magnus Aase og driver nu en verkstedsavdeling av dette firma på sin gård. Hans største interesse tør man dog si har vært modernæringen jordbruket og treplantning. Han har dyrket op flere hundre mål jord og beplantet store arealer og hans gård er således nu en av de største her i distriktene og et mønsterbruk. Hans innsats her vil bære frukter i lang tid fremover og hans navn har god klång i vide kretser. Rent personlig hører Aase til de høireiste skikkelser, djerv og ærlig i all sin ferd med lune og en elskverdighet som vinner alle. Hans mange venner og sambygdinger hilser denne jordbrukets fremragende foregangsmann på hans 60-års dag og sender ham sine beste ønsker for årene som kommer og takker ham for gode minner i årene som gikk.

K.



60 år. Gullsmed Magnus Aase fyller 60 år imorgen. Han er født på gården Aase i Hamre prestegjeld, men kom i unge år til Bergen, hvor han lærte gullsmedhåndverket hos gullsmed Th. Olsens. Svenneprøven tok han i 1899. Et par år deretter overtok han sammen med sin bror Knut Aase Hagellens gullsmedforretning og i 1904 også Th. Olsens juvelerforretning. Dette firma har han arbeidet frem med stor faglig dyktighet, således at det idag spiller en toneangivende rolle ikke bare innenbys, men blandt norske virksomheter i branchen. Det er intet mindre enn en imponerende utvikling firmaet har gjennomgått under hans faglige ledelse, og det er en stor og krevende arbeidsdag Magnus Aase kan se tilbake på ved denne milepel.

Ved 25-årsjubileet i 1924 skjenket Magnus Aase Kalgaten 15 til aldershjem for sine arbeidere, og dette hjem, sier de som kjenner ham, er hans hjertebarn. I det hele tatt banker der bak et tilsynelatende barskt ytre et varmt og følsomt hjerte, og han vil sikkert ved denne anledning få se mange vakre beviser på den sympati som han omfattes med blandt sine arbeidere og kolleger.

- Mykje av vegane som er i denne delen av distriktet vårt vart laga av drengar, innleide arbeidsfolk på 1800 talet.
- Under 1 verdskrig flytta gullsmed verkstedet fra Bergen til Aasegarden. Det er mykje gammal historie rundt denne flyttinga og vidare slipeverksted i kjellar og driftsbygg på garden. Fleire hadde sine arbeidsplasser her.

474

Amtmanden  
i  
Søndre Bergenhus amt

J.-nr. \_\_\_\_\_

Jhenhold til lov angaaende Haand-  
verks driften av 15. Juli 1839 § 79, og tilføjet  
lov av 19. August 1845 § 1 meddelles herved

Gjaldsmed Tidvig Aase

bevilling til at drive haandverks nering og  
guld- og sølvsmed paa gaarden Aas, no-  
i Hærbuher skillinglag.

Bergen, 22 Mai 1911.

A. A. Olsen.

\_\_\_\_\_

Søknaden om etablering av gull og sølvsmed verksted på garden i 1911.







### Historie:

Garden har slektsrøtter tilbake til 1600 talet på Aase. Garden var liggjande på søre Aase. Det var Ludvig Aase som dyrka opp i dalen rundt på slutten av 1800 tallet. Statuen av han står i hagen ved gamlahuset.

Tidlegare var myrane torvmyrer for Aase og Isdal.



Gammal husmansplass der det var fastbuande på Aase i tidleg alder.



Utviklinga har vore fleire driftsbygg som har vorte størrre og størrre. Dei første i stein og sidan meir treverk. Dette kan ein sjå ut frå dei tjukke murane i dagens bygg.

Under krigen var garden i stor drift og viktig mat produsent for distriktet. Tyskarane var ofte på besøk for å kontrollere mat leveransene dei skulle ha. Mine besteforeldre måtte levere mat på kaien i Isdalstø.

Garden har vore samleplass for fleire fesjå og mønstringar for landbruket sidan tidleg tid.

Tyskarane ville lage flyplass på myrane ved driftsbygget, fordi det var flatt og langt, men krigen slutta før det vart realisert.

I 1933 brann driftsbygget opp etter ein storbrann med sjølvanttenning i høy. Bygget vart reist igjen og drifta økte på. Garden har vore den største produksjongarden i Lindås Kommune i lange tider og det har vore mange drengar og arbeidsfolk som har hatt sitt arbeid på garden opp gjennom tidene.

I 2003 brann det gamle våningshuset etter ei omfattande restaurering. Huset var på veg til å halde dagens standar då det oppsto ein lysboge i i stikkontakt.

Aase har lagt under Hamre kommune fram til slutten av 1950 tallet.

Drifta har vore mjelk og kjøtt til 2008 og drift av hestehold og ridesenter fra 2001 og no. Nye krav gjer at mjelkeproduksjonen måtte opphøre til neste generasjonar starter igjen.

### **Drifta i dag:**

Drifta består av grovfor produksjon og litt grønnsaker til eget bruk. Det er grovfor for eget bruk til hest eller salg til andre bønder i distriktet.

Skogsdrifta har vorte meir aktivt sidan mjelkeproduksjonen vart stoppa. Det har i 50 år og fram til no vore stort uttak av juletre for salg ved Muren i Bergen og i nyare tid i Knarvik senter.

Det vert etablert nytt sagbruk på garden i 2017. Saging for eget bruk og salg.



Nordhordland vidaregåande bruker Asegarden som permanent praksisområde for fleire klassar innan tømmerfaget. Skulen er er på 6 året no og arbeidet består i bygging av nybygg til drifta og restaurering av eldre bygg. Her vert det spennande med med nytt sagbruk som vil gje meir heilhetleg opplæring.

Det vert starta med sau hausten 2017 og dette vert satsinga framover i tillegg til heste og hund.

Det pågår kontinuerlig jordforbedring av all dyrka eng og beiter, slik at vi kan halde dette i hevd til nye husdyr og matproduksjon for nye generasjonar.



Jorda er eit langsiktig arbeid og avgjerande for alt livet på garden.

Jord tippen ved Tredalsvatnet skal omgjeras til LNF igjen for dei bruka som allereie har fått feil farge på kartet. Så det stemmer ikkje at det vil løyse ut næringsareal på Aase om vegen skulle komme her.

Behovet for eit samla landbruksareal ved Aase, Isdal og Hjelmtveit er nødvendig for å kunne ha eit drivverdig landbruk. Det er tilgangen på dyrka jordbruksareal som set begrensning for drifta si størrelse.

Vi ser før oss eit nytt driftsbygg i samdrift med nokre av dei andre gardane på Isdal, Aase, Hjelmtveit og Kopperdalen, når tida er inne for dette.

Det er inga tvil om at eit veg prosjekt gjennom vårt frodige, kulturrike og etablerte jordbruks og frilutsområde, vil øydeleggje livsverket og landbruks interessa for oss og generasjoener i framtida.

Me håpar på ei vegløyning som tar hensyn til folk og samfunn si interesse.

Mvh,

Arild og Line Merethe Aase